

## **REGLEMENT FOR HANDSAMING AV KLAGESAKER I VINDAFJORD KOMMUNE**

### **Vedtatt av kommunestyret 23.05.17, sak 030/17.**

#### **§ 1 RETTSGRUNNLAG**

Formannskapet er kommunen sitt klageorgan for forvaltningssaker, oppretta av kommunestyret i medhald av forvaltningslova § 28 andre ledd.

#### **§ 2 FORMÅL OG OPPGÅVER**

Formannskapet er klageorgan etter forvaltningslova § 28 andre ledd for vedtak fatta av kommunen i saker som kan påklagast etter Forvaltningslova kap. VI.

Unntatt frå formannskapet sitt ansvarsområde er saker der vedtak er fatta av kommunestyret.

Vidare er vedtak fatta etter delegert mynde frå statleg forvaltningsorgan og vedtak der det er fastsett ved særlov at klagen skal handsamast av statleg klageorgan unntatt frå formannskapet sitt ansvarsområde. § 6 i dette reglementet inneheld unntak frå særlovsregelen.

#### **§ 3 UNDERINSTANS SI ROLLE**

Underinstansen skal gjera dei undersøkingar som trengs for å vurdere klagen. Underinstansen kan oppheva eller endra vedtaket dersom undersøking syner at avgjerder er fatta på feil grunnlag. Dersom vilkåra for å handsama klagen ikkje ligg føre, skal underinstansen avvisa saka, jfr. likevel § 31 i Forvaltningslova.

#### **§ 4 ENKELTVEDTAK**

Formannskapet skal handsama klage over enkeltvedtak i saker der part i saka eller nokon med rettsleg klageinteresse har sett fram klage. Enkeltvedtak er avgjerder fatta av kommunen under utøving av offentleg mynde og som gjeld rettar eller plikter til ein eller fleire bestemte personar, jf. Forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a og b.

Saker der kommunen opptrer som privat rettssubjekt er ikkje enkeltvedtak etter forvaltningslova og skal slik heller ikkje handsamast av formannskapet.

#### **§ 5 LOVLEGHEITSKONTROLL**

Formannskapet skal ikkje handsama saker som er sendt departementet / fylkesmannen etter reglane i Koml. § 59.

#### **§ 6 LOKAL HANDSAMING AV KLAGER PÅ ENKELTVEDTAK TIL STATLEG KLAGEORGAN – UNNTAKSREGEL FOR § 2**

Etter følgjande lovverk får politisk utval rett til å vera underinstans og kan handsama klagesaker før dei går til statleg klageorgan

Utval for drift, utvikling og kultur (DUK) kan handsama klagesaker etter:

- Friluftsløva av 28. juni 1957 nr 16
- Jordlova av 12. mai 1995 nr. 23 med unnatak av påklagde vedtak etter Forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket av 19.12.2014, nr. 1817, Forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom m.v. av 19.12.2014, nr. 1821 og Forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Rogaland av 06.07.2016, nr. 888.
- Konesjonslova av 28 november 2003 nr. 98-
- Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr 71 avgrensa til kapittel 19 til kapittel 33
- Skogbrukslova av 27. mai 2005 nr. 31

Formannskapet (FSK) kan handsama klagesaker etter:

- Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr 71, med unntak av det som er tillagt DUK.

For underinstans gjeld dei kompetansereglar og inhabilitetsreglar som til ei kvar tid går fram av

gjeldande lovverk:

- Politisk organ kan som underinstans gje medhald eller delvis medhald i klagen. Dersom opprinneleg vedtak vert oppretthalde, går saka vidare til statleg klageinstans for formell klagehandsaming.

## **§ 7 KOMPETANSE**

Formannskapet kan prøva alle sider av saka. Dette gjeld både om det ligg føre sakshandsamingsfeil og overprøving av alle skjønnsmessige sider av saka. Dersom det er relevant for saka, skal det takast omsyn til eventuelle nye forhold som kjem fram i tilknytning til klagehandsaminga.

Formannskapet kan oppretthalda eller endra underinstansen sitt vedtak i saka eller oppheva det og senda saka tilbake til underinstansen til ny handsaming, jf. Forvaltningslova § 34, siste ledd.

Formannskapet kan som hovudregel ikkje ta avgjerd som er til skade for nokon vedtaket rettar seg mot eller direkte tilgodeser. Formannskapet har likevel utvida omgjeringskompetanse dersom omsynet til privatpersonar eller offentlege interesser talar for det. Denne utvida kompetansen føreset at melding om omgjerung blir sendt den det råkar innan tre månader etter at klagen vart motteken, jf. Forvaltningslova § 34, tredje ledd.

Formannskapet kan innafor dei rammene som følgjer av Forvaltningslova § 35 av eige tiltak omgjera eit enkeltvedtak.

Formannskapet skal avvisa klagen dersom vilkåra for klage ikkje er oppfylte, eller reglane for klage ikkje er overhaldne, jf. forvaltningslova § 34 første ledd. Formannskapet kan likevel handsama klage som er for seint innkomen dersom klagaren ikkje kan lastast for det eller andre særlege grunnar talar for å handsama klagen. Har det gått meir enn eitt år sidan vedtaket vart fatta, kan formannskapet ikkje ta klagen opp til handsaming, jf. Fvl. § 31.

## **§ 8 INHABILITET**

Politikarar eller tilsette i administrasjonen kan ikkje handsama saker der dei har slik tilknytning til saka at denne kan svekka tilliten til at saka blir handsama objektivt (Kopl. § 40 nr. 3 og 4 og Forvaltningslova kap. II. § 6).

Ved handsaming av klager etter Forvaltningslova § 28 andre ledd er tilsette eller folkevalde som var med på å gjera vedtak som er påklaga, eller som medverka ved tilrettelegging av grunnlaget for dette, inhabile ved klageinstansen si handsaming av saka og ved tilrettelegging av saka for klageinstansen.

Er ein overordna tilsett inhabil i ei sak, kan direkte underordna tilsette ikkje delta ved klageinstansen si handsaming av saka, eller ved tilrettelegging av saka for klageinstansen, jf. Kommunelova § 40 nr. 3 b.

Alle forvaltningssaker som blir lagt fram for kommunale organ etter delegert mynde frå kommunestyret, og alle saker som blir avgjort av rådmannen etter delegasjon, blir normalt lagt fram på vegne av rådmannen, uavhengig av kven i administrasjonen som er sakshandsamar. Dette prinsippet inneber ikkje at rådmannen sjølv automatisk er inhabil i alle saker som skal handsamast som klager. Rådmannen sin habilitet skal vurderast sjølvstendig i den einskilde sak, jf. Kommunelova § 40 nr 3 bokstav c.

Rådmannen har sjølv ansvar for å vurdere sin habilitet.

Dersom rådmannen sjølv har instruert eller på annan måte aktivt tatt del i saksførebuinga ved handsaminga i underinstansen, vil heile administrasjonen vera inhabil ved klagehandsaminga.

I særlege tilfelle der det er nødvendig for å sikra ei habil og forsvarleg sakshandsaming, kan hjelp til saksførebuing for lokal klageinstans innhentast eksternt, frå andre kommunar eller i form av konsulenthjelp, juridisk hjelp e.l.

## **§ 9 SAKSHANDSAMINGA**

Klagesaker skal handsamast i lukka møte når det ligg føre lovbestemt teieplikt, jf. kommunelova § 31 nr 2.

Elles gjeld reglar om innkalling, saksliste, kunngjering, utsending, møtebok og sakshandsaming i Vindafjord kommunestyre så langt dei høver for klagesakshandsaming.

# VINDAFJORD KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
038/17	Formannskapet	09.05.2017
030/17	Kommunestyret	23.05.2017

Saksbehandlar: Husebø, Jan Ansgar  
Sak - journalpost: 17/571 - 2017004516

---

### Reglement for handsaming av klagesaker i Vindafjord kommune

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Vindafjord kommune vedtek 'Reglement for handsaming av klagesaker i Vindafjord kommune' slik det går fram av vedlegg i saka.  
Reglementet vert gjort gjeldande frå vedtaksdato.

#### 23.05.2017 Kommunestyret

Rådmannen sende i e-post datert 15.05.17 til kommunestyret eit korrigert framlegg til reglement. Dette vart gjort med utgangspunkt i Krf sine innspel under Formannskapet si handsaming av denne saka.  
Rådmannen orienterte i møtet nærare om endringane.

Korrigert framlegg til reglement vart samrøystes vedtatt.

#### KS-030/17 Vedtak:

Vindafjord kommune vedtek korrigert 'Reglement for handsaming av klagesaker i Vindafjord kommune'.

Reglementet vert lagt ved saka og vert merka "Vedtatt av kommunestyret 23.05.17, sak 030/17".

Reglementet vert gjort gjeldande frå vedtaksdato.

#### 09.05.2017 Formannskapet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd.

#### FS-038/17 Vedtak:

##### Tilråding frå Formannskapet:

Vindafjord kommune vedtek 'Reglement for handsaming av klagesaker i Vindafjord kommune' slik det går fram av vedlegg i saka.

Reglementet vert gjort gjeldande frå vedtaksdato.

## **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar, reglement m.m.:**

Forvaltningslova, Kommunelova.

### **Saka gjeld:**

Oppfølging av vedtak i K-sak 092/16 pkt 2:

*'Reglement for klagesakshandsaming skal leggest fram som eiga politisk sak'*

### **Saksopplysningar:**

Ved handsaming av delegeringsreglement for Vindafjord kommune i desember 2016 vart det vedteke at det skulle lagast eit eige reglement for klagehandsaming.

Det vert lagt fram i denne saka

I store trekk byggjer reglementet opp om praksis som er innarbeidd i Vindafjord. Der er ikkje gjort vesentlege endringar i høve til mynde, men reglementet prøver å klargjere ansvar og roller og presiserer kva som gjeld når klagehandsaming skal gjennomførast.

### Formannskapet som klageorgan

I vedteke delegeringsreglement er Formannskapet delegert mynde til å vera kommunen sitt formelle klageorgan for vedtak etter Forvaltningslova § 28. . Der er likevel ein del unnatak og begrensingar i rolla som Formannskapet har, og desse er spesifisert i reglementsutkastet.

Saksfelt som fell utanfor Formannskapet sitt ansvarsområde er :

- Vedtak om er fatta av kommunestyret.
- Vedtak som er fatta etter delegert mynde frå statleg forvaltningsorgan
- Vedtak der det er fastsett ved særlov at statleg klageorgan er klageinstans.

### Kompetanse.

I reglementet vart gjennomgått kva kompetanse klageorgan har etter Forvaltningslova.

Klageorganet kan prøve alle sider av saka: I dette ligg at klageorganet kan:

- Avvise klagen
- Oppretthalda vedtak.
- Omgjera vedtak.
- Oppheva vedtak og senda sak i retur til underinstans.

Forvaltningslova gir tydelege føringar for kompetanse.

### Inhabilitet

Kommunelova set strengare krav til habilitetsvurdering enn det Forvaltningslova legg opp til. Reglementet har difor fått eit eige punkt der habilitetsvurdering både av politikarar og administrasjon vert grundig gått gjennom.

Det er viktig å skilja mellom underinstans og klageinstans si rolle i samband med klagesaker.

*«...det må gjøres et skille mellom klagesaksforberedelsen i underinstansen og klagesaksforberedelsen i klageinstansen. Saksbehandleren i underinstansen kan vurdere klagen og utarbeide en redegjørelse for underinstansens syn på saken, men kan ikke tilrettelegge saken for klageinstansen. Å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse omfatter enhver deltakelse i saksbehandlingsprosessen, jf. Overå og Bernt, Kommuneloven med kommentarer (4. utg. 2006), s. 318. Dette må også innebære at saksbehandleren fra underinstansen ikke kan delta i klageutvalgets møter.»*

- Sitat frå 'Habilitet i kommuner og fylkeskommuner' – rettleiar frå Kommunaldepartementet.

### Underinstans si rolle.

Underinstans er det organ som har fatta vedtaket som vert klaga på. I samsvar med delegeringsreglementet kan underinstans også vera t.d ein kommunal leiar som har fått mynde til å fatta vedtak

Underinstans skal alltid vurderer klagen og gjera dei undersøkingar som trengs for å vurderer klagen. I det ligg det også ein rett til å avvise klagen dersom vilkår for handsaming ikkje er til stades. Underinstansen har i realitet fire alternativ å velja mellom

- Avvisa klagen dersom regelverket tilseier det.
- Gje klagar delvis medhald. Nytt vedtak vert fatta som også gir ny rett til klage.
- Gje klagar medhald. Nytt vedtak vert fatta som også gir ny rett til klage.
- Halda fast på opprinneleg vedtak. Saka går då til formelt klageorgan for handsaming

Forvaltningslov og anna regelverk må fylgjast. Dersom underinstans held fast på vedtak som er gjort, og saka går vidare til klageorgan er underinstans inhabil for vidare tilrettelegging av saka for klageorganet jf sitat i avsnitt om Inhabilitet.

#### Lokal tilleggshandsaming av saker som skal til statleg klageorgan

Utval for drift, utvikling og kultur har etter sedvane fått førelagt ein del klager innan sitt fagfelt der særlov fastset at klagesak skal til statleg klageorgan.

I desse tilfella er ikkje DUK formelt eit klageorgan, men får rolle som ein ekstra underinstans før saka vert sendt til formelt statleg klageorgan. DUK kan gjera sjølvstendig vurdering og kan overprøva den administrative underinstansen si vurdering, med unntak av rett til å avvise klage.

DUK sin mynde vert difor:

- Gje klagar delvis medhald. Nytt vedtak vert fatta som også gir ny rett til klage.
- Gje klagar medhald. Nytt vedtak vert fatta som også gir ny rett til klage.
- Halda fast på opprinneleg vedtak. Saka går då til formelt klageorgan for handsaming

DUK kan også sende sak tilbake til formell førsteinstans for å få fleire opplysningar I reglementet har DUK i hovudsak fått same rolle som dei tidlegare har hatt. For klagesakar etter matrikkellova og eigarseksjonslova er denne tilleggshandsaminga i DUK teken ut. Dette er saker der det i liten grad er mogleg å gjere eit politisk skjønn og desse sakene vert foreslått sendt direkte til statleg klageorgan.

#### Klageorgan for klientsaker.

Kommunane står fritt til å oppnemna ei særskilt klagenemnd for klientsaker. Lovverk innan helse og omsorgssektoren spesifiserer korleis slikt klageorgan skal samansettast. Vindafjord har ikkje oppretta slikt organ. Saker innanfor dette saksfeltet vert sendt vidare til statleg klageinstans i samsvar med særlover.

#### Kvifor statleg klageorgan?

Grunngjeving for at statleg klageinstans er oppretthalde i mange lover er først og fremst utfrå likskapstenking; at klagar skal få lik handsaming uavhengig av kommuneøkonomi og lokale tilhøve.

Særskilde unntak.

Klager på eigedomsskatt skal til eiga lovfesta klagenemnd

**Vedlegg:**

REGLEMENTSUTKAST FOR HANDSAMING AV KLAGESAKER I VINDAFJORD  
KOMMUNE

Utdrag frå rettleiar - Habilitet i kommuner og fylkeskommuner